



Hordaland politidistrikt

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2947 - 16/23691

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

15.12.2016

Høyring – Særskilt fartsgrense KV 1118 Beitingsvegen i Meland kommune

Meland kommune har nyleg utvida KV 1118 Beitingsvegen i samband med legging av vassleidning. Veggen har også fått veglys og ein utvida vegskulder på 2 m som kan nyttast av gåande. Vegbreidda utanom vegskulder er 4 m. Sikta på strekninga er blitt betre, men er framleis dårleg på nokre punkt. Målet med den utvida vegskulderen er at dei gåande skal få betre vilkår, og samstundes er det då viktig at dei køyrande ikkje held for stor fart.

Til no har ikkje Beitingsvegen hatt særskilt fartsgrense, og det har difor vore usikkerheit knytt til kva fartsgrense som gjeld; 50 km/t eller 80 km/t. Veggen går for det mest langs ein golfbane og er mykje brukt av gåande i området. Veggen er også skuleveg for elevar som er busatt i Beitingen. Samtidig er det lite avkøyrslar og busetnad langs veggen, så det er naturleg at mange i dag vil tolke at veggen har 80 km/t. Meland kommune har også fått fleire munnlege henvendingar at veggen bør ha lågare fartsgrense frå bebuarar i området.

Meland kommune meiner, basert på vurderingane over, at det er behov for særskilt fartsgrense på strekninga og at denne fartsgrensa bør vere 50 km/t. Skiltinga vert gjort etter vedlagt skiltplan.

I samsvar med skiltforskrifta § 26.1 ber vi om uttale frå Hordaland politidistrikt og Statens vegvesen. Frist for uttale er satt til 13.01.2017.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skiltplan Beitingsvegen

Mottakere:

Hordaland politidistrikt

Statens vegvesen